

Årsmelding Kyrkjeklubben 2018

Kyrkjeklubben har hatt 10 samlingar gjennom året, samlingane vert haldne 1. måndag i månaden. Ei av samlingane hadde me besøk av dramapedagog Marit Nesse frå «Edel formidling» som på ein veldig fin måte formidla påskebodskapen.

Klubbmøta har hatt eit tredelt innhald; først ei samling i kyrkjetorget, der me har aktiviteter som song og inkluderande leikar, utlodning osv. Deretter har me kveldsmat i lag, og så går me inn i kyrkjerommet der me har ei lita Gudsteneste. Gudstenestedelen er det tilsett sokneprest Geir Øy eller pensjonert prest Åge Palmesen som har hatt ansvar for. Elles har me hatt ei fin gruppe frivillige som har gjort ulike oppgåver som å lage kvelds, være i miljøet og hjelpe til praktisk.

Me opplever å få gode tilbakemeldinger og særleg på det at det er eit tilbod som er inkluderande og har lett tilgang også for rullestolbrukarar og personer med multifunksjonshemmingar.

Klubben samler 15 -20 personar med utviklingshemming og omtrent same antal følgjepersoner. Me har hatt 18 betalande medlemmer i 2018. Kontingenten har vært kr 50.- pr halvår

Alversund og Ostereidet sokneråd har delt kostnadene til samlingane mellom seg, og me har fått eit tilskudd på kr 6000.- frå kommunen til drift og kr 5000.- til samlinga då me engasjerte Edel formidling.

For å informere om klubben, deler me ut plakater i bufellesskapa, avlastningsbustaden og på Knarvik industri og miljø, og me informerer også folk i miljøet i Radøy og Meland.

Leiarar og medarbeidarar knytt til klubben: Geir Øy, Åge Palmesen, Sæbjørg Hageberg Kjeka, Espen Bø, Lars Inge Kjemphol, Anna Leivestad, Nina Norheim, Rikke Nordal, Bjørg Aasgard, Vibeke Gilje og Inger Øyna Jordal

Inger Øyna Jordal

Leiar for Kyrkjeklubben

Geir Øy

Sokneprest

LINDA	
Klassering	
15 MAR 2019	
Ark. sak	
Saksh.	Tilgangskode